



Det Kongelige Kultur- og kyrkjedepartement
Akersgt. 59
0030 OSLO

Høyring – Evalueringa av Den kulturelle skolesekken.

Lokal organisering:

Ål kommune har sidan år 2000 arbeidd med Den kulturelle skolesekken (DKS). Tiltaket er forankra politisk, med ei budsjettavsetning på kr. 50 000 pr. år i kulturskulen sitt budsjett, og med til saman ca. 50 000 i skulane sine budsjett. Totalt ca. 100 000 i året.

I tillegg får Ål kommune øymerka overføring frå Buskerud Fylke. Det er utarbeida ein plan for Den kulturelle skolesekken i Ål. Planen skal reviderast i 2007.

Skolesekken i Ål har ei styringsgruppe på 3 representantar. Det er kultursjefen, rådgjevar hjå oppvekstsjefen og rektor for kulturskulen. Rektor for kulturskulen er kommunens skolesekk-kontakt mot fylket. Gruppa har ved årsskiftet 06/07 vorte utvida med 2 representantar frå grunnskuleleiarane. Dette vart gjort fordi den opprinnelege styringsgruppa syntest det ville vera ein styrke å ha med skuleleiarnivået i sitt arbeide. På den måten meiner me det er lettare å "treffe" med prosjekt, og dermed styrke integreringsarbeidet av DKS i skulekvardagen. Me meiner dette vil vera ein styrke for intensjonen med DKS, som er å drive kunst- og kulturformidling for **alle** barn i landet på eit tidleg tidspunkt i deira liv. Difor er skulen vald som arena.

Difor er det også viktig at skuleleiarane er med og styrer dette arbeidet.

I tillegg til styringsgruppa har kvar skule i Ål oppnevnt ein kulturkontakt – som frå starten av var ein lærar ved kvar skule. Denne ordninga er også revidert ved årsskiftet 06/07, slik at det no er rektorane som er kulturkontaktgruppa. Kvar skule står fritt i å ha ein kulturkontakt blant lærarane i tillegg. Ordninga vart revidert fordi ein hadde eit ønskje om å sjå arbeidet med DKS i tett samanheng med anna planverk ved skulen. Kulturkontaktene kunne som lærarar ikkje forplikte skulen m.o.t. økonomi eller prioritering sett i høve til anna arbeid ved skulen. Rektorane måtte likevel inn på banen for å ta tak i ein del prosjekt. Ål kommune har mange små skular med få lærarar, og dermed vart DKS "endå ei oppgåve" som lærarane måtte ta seg av. Rektorane har møte 1 gong i månaden, der DKS no er kome inn som fast post.

Innhaldet i DKS i Ål kan ein seie er delt i to organisatorisk ulike tiltak. Det eine er deltaking i ei fylkeskommunal abonnementsordning. Ordninga gjev tilbod innan sceneproduksjonar, musikk, litteraturformidling og visuell kunst. Alle skulane i Ål er med i abonnementsordninga.

Den andre delen er lokale, eigenutvikla tilbod innan ei rekkje kunst- og kulturområde. Skulane utviklar prosjekt som dei får økonomisk støtte til frå skulesekk-pengane.

Det er ein føresetnad at profesjonelle kunstnarar skal inn i prosjekta. Skulane lagar ei prosjektskisse og søker den lokale skulesekken om midlar. Det er styringsgruppa for

skulesekken som handsamar søknadene og avgjer kven av prosjekta som skal prioriterast kvart år. Dei øyremerkte fylkeskommunale midlane vert prioriterte til større prosjekt som dekkjer alle. T. d. lokale kunstnarar på lokal turne til skulane våre.

Samarbeidet med fylket:

Samarbeidet mellom Ål kommune og Buskerud Fylke starta med utgangspunkt i organisasjon og utvikling av Den kulturelle skulesekken. I dag gjeld det i hovudsak organiseringa av den fylkeskommunale abonnementsordninga. Innhaldet i dei fylkeskommunale tilboda vert administrert av administrative produsentar innan kvar sjanger. Turneane rundt i fylket vert organisert av turneplanleggjar. I 2006 vart turneplanlegginga omorganisert og det er kome til ny fylkeskommunal prosjektleiar.

Kommunane må kvart år levere rekneskap til fylket over korleis skulesekk-pengane er brukte.

Ål sine synspunkt på høyringa.

Generelt:

Den kulturelle skulesekken har vore eit lyft for kunst- og kulturformidlinga i skulane i Ål. Arbeidet med Den kulturelle skulesekken har ført til ei bevisstgjerung av verdien av kunst- og kulturformidling. Før ordninga kom, var kunst- og kulturformidling basert på ildsjeler blant personalet, og dei er ofte ujevnt fordelt på skulane. Ved innføringa av Den kulturelle skulesekken er dette ei ordning som gjeld alle. Det følgjer pengar med ordninga, og det er hovudmotivasjonen for dei fleste skulane. Ved hjelp av pengane ser dei at dei kan få til prosjekt som det ikkje er rom for innan dei ordinære budsjetta. Det at dei lokale politikarane også har gjeve ein ekstra pott til dette arbeidet, styrker Den kulturelle skulesekken i Ål.

Tilhøvet mellom kultur og skule:

Den omtala spenninga mellom kultur og skule har nok vore tydelegare på fylkes og statsnivå enn på det lokale nivå. På det lokale nivå har me saman forvalta pengane og ordninga etter beste evne, og me har opplevd få motsetningar mellom kultur og skule. Skulane ser positivt på ordninga, og ser at pengane gjev høve til prosjekt dei elles ikkje ville fått til.

Monologiske eller dialogiske formidlingsmodellar:

Her i Ål brukar me begge formidlingsmodellane, og ser ikkje at det er naudsynt å velja den eine eller den andre. Abonnementsordninga representerer i stor grad den monologiske modellen, og den er svært godt motteken i skulane våre. Eigenproduserte prosjekt tek i større grad i bruk den dialogiske modellen der elevane sjølve er meir aktive. Me meiner det skal vera rom for begge i Den kulturelle skulesekken.

Det ekstraordinære og skulekvardagen:

Aktivitetane i Den kulturelle skulesekken bør vera både ekstraordinære og ein del av den ordinære skulekvardagen. Me meiner det er viktig å kunne integrere ein del av dei ekstraordinære hendingane inn i skulekvardagen ved t. d. å lage opplegg i kunst- og håndverk rundt ei visuell utstilling, eller eit musikkopplegg inspirert av ein konsert.

Me meiner dette vil gje det optimale utbytte for elevane. Utfordringa lokalt er å få dette til i praksis, ved at kunst- og kulturformidlinga vert kobla opp mot undervisning i fag. Her er det viktig at planlegginga av Den kulturelle skulesekken vert sett i samanheng med den øvrige planlegginga ved skulane. Difor er det også viktig at planlegginga av abonnementsordninga vert gjort kjent i god tid slik at skulane kan ta omsyn til dette i si planlegging. Likevel meiner me at det også skal vera rom for enkelthendingar i skulen, slik me som vaksne går på ein konsert eller i teateret, tek imot og nyt. Det er viktig å gje barna slike opplevingar også.

Samstundes har skulen sterke krav over seg når det gjeld barna sitt læringsutbytte. Skulekvardagen har eit rammetimetal å forhalde seg til, difor meiner me det er naudsynt å knytte ein del av skulesekk- aktivitetane opp mot aktuelle fag.

Hovudintensjonen:

Me er heilt samde i at skulen er den beste arena for å nå alle barn i samfunnet. Godt og konstruktivt samarbeide på lokalt nivå er den beste garantien for at hovudintensjonen blir nådd.

Fylkeskommunen si rolle:

Me er samde i høyringa sitt råd om større desentralisert avgjerdsmynde kombinert med tydeleg og enkel rapportering. Det er på lokalnivået me har elevane. For små kommunar som Ål, har me raskt brukt opp dei lokale kreftene, det er ikkje så mange å ta av. For oss er abonnementsordninga av stor verdi, og den må halde fram. Det er også viktig at løyvingane til Den kulturelle skulesekken heldt fram. Her har fylkeskommunen gjort eit godt arbeide med fordelinga. Innrapporteringa av midlane er ukomplisert for oss, men kan kanskje gjerast endå enklare.

Tankar framover:

For oss som er ein liten kommune, vil det framover vera meir og meir aktuelt å tenkje samarbeid på tvers av kommunegrensene. I små kommunar er det ikkje så mange lokale kunstnarar å ta av, og det er ikkje så mange lokale hovud til å tenkje ut idear til eigenproduksjonar. Her vil eit interkommunalt samarbeide vera av stor verdi. Me kan få idear frå kvarandre, og støtte opp om lokale kunstnarar på tvers av kommunegrenser, noko me til ein viss grad også gjer. Det kunne vore spennande med eit interkommunalt forum i Hallingdal der ein tek opp temaet: Korleis fremje kunst- og kulturformidling i Hallingdal om 10 år, der Den kulturelle skulesekken er ein viktig del?

Per Ove Nybråten
Leiar,
sektorutval for oppvekst

Odd Lossius,
Sektorleiar